



Å køyra på raudt er brot på vegtrafikklova og kan medføra ei bot på kr. 6.800,-

Naboar og andre har registrert at nokre bilistar ikkje tek omsyn til lysreguleringa ved Eikebrua. Ved fleire høve vert det køyrt på raudt signal. Det er eit lovbrøt på vegtrafikklova som medfører ei bot på kr. 6.800,-. Lovbrøtet skjer mest på natta, men også i den tida på dagen då det ikkje er arbeid på brua.

Det vert frå nokon hevda at det er for lang intervalltid, sjølv om dette er nedkorta noko frå slik det var i starten. Plassen er heller oversiktleg og på natta kunne det truleg vore blinkande gult lys. Ei anna løysing er at tida kunne vore korta kraftig ned på natta.

Uansett: Å køyra på raudt er eit alvorleg lovbrøt og ei evt. bot på kr. 6.800,- vil merkast økonomisk. Det er også registrert tilfelle der bilar køyrer ut av køen som ventar på grønt og held fram som om det ikkje var lysregulering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal